

ARSMELDING 1992

Årsmøtet for 1991 vart halde i Hugali 22.2.92. Det var 20
frammøtte. Alle spel- og dansarlag i Valdres var inviterte, fordi
Valdreskvelven i dette høvet ville markere sitt 30-års jubileum. Vi
hadde lånt inn filmopptak av springdansarar frå Vang av
museet. Andris Dahle opna årsmøtet med ein Røinislått, og han og Nils
Leine avslutta med Valdreskvelven. Etter årsmøtet var det middag og
fest, der Andris Dahle og Hans Ivar Blystad spelte til dans.

1) STYRET

Leiar:Bjørg S. Berge
Nestleiar: Nils Leine
Kasserar: Nils Rogn
Skrivar: Marit Feiner Bakken
Styremedlem: Ingrid Grøv
Varamenn: Marit Heensåsen og Sigrid Smedåsgjelten Eggen
Revisorar:Bøye Thorpe og Arne Belsheim
Valnemnd: Andris Kvam,Steinar Grøv og Andris Ødegården

Det har vore halde sju styremøte det siste året.

2) MEDLEMSTAL

Laget har hatt 72 medlemer dette året, ein auke på fem frå året før.

3) ABSOLUTE FILES

3) ARSMØTE I LFS i Kjøbenhavn den 9. og 10. mai 1992. Deltakere var alle medlemmer i LFS og dessuten representanter fra Norsk Turistforening, Norsk Reiselag og Norsk Reiselokal. Islevet ble det vedtatt at det ikke skulle holdes et årsmøte i 1993, men at det skulle holdes et årsmøte i 1994.

Årsmøtet vart greitt avvikla.Johan Vaa heldt fram som leiar.Ingen saker vekte strid.

Om kvelden var det festmiddag og kulturkveld. Øystre Slidre spel- og Dansarlag hadde laga ein fin konsert. Sundag var det blomsternedlegging og markering ved bautaen over Nils Beitoaugen.

4) ÅRSMØTE I VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

vart halde på Valdres Folkemuseum 29.3.92.Utsendingar frå oss var Bjørg S. Berge og Nils Leine.

Føreseggnene for lokalkappleiken i Valdres vart godkjende.

5) LOKALLAGSLEIARMØTE

Dette vart halde på Valdres Folkemuseum den 15.11.92.

Av viktige saker som var oppe vil vi nemne:

- Oppsummering av Landskappleiken (overskotet vart på 123 000)
- Jørn Hilmestemnet i år vart droppa til fordel for kurshelg, men Hilmestemnet held fram som før og med kurs i forkant
- OL-prosjektet
- Evaluering av runddansstemna
- Behov for regionale helgesamlingar og kurs

6) REKRUTTERING

Valdreskvelven har eit godt samarbeid med Vang Kommunale Musikkskule.Trygve Bolstad har opplæring av 18 hardingfelelevar, Øystein Nicolaisen har 16 toraderelevar,Bjørg S. Berge har 5 langeleikelevar, Ingrid Skavhaug,Kari Hagaseth og Marit F. Bakken har tilsaman 20 smådansarar.

7) KURSVERKSEMD

I samarbeid med Vang Skulestyre arrangerte laget kurs i lokal vokal folkemusikk til skulebruk.Stein Villa frå Gjøvik var inspirerande kurshaldar.Kurset samla 30 deltagarar frå heile Valdres.

8) TILSKIPINGAR

Den 26.3.92 samla vi dei yngste til hyggekveld med spel og dans på Øye Samfunnshus.

Lyftet i år var runddansstemna på Åsvang den 30.10.92.Stemna var vellukka,både med tanke på publikum og deltaking.Økonomisk vart det bra overskot.

Den 30.1.93 var Gjøvik Spelemannslag på besøk.Det var konsert og fest på Åsvang.

9) DELTAKING PA KONSERTAR, KAPPEIKAR OG LIKN.

På lokalkappleiken i Øystre Slidre den 28.3.92 deltok langeleik- og felespelarar.

Den 5.4.92 deltok Valdreskvelven på Mønstringskonserten med ymse danseinnslag.

Den 16.6.92 var dei yngste aktive med spel og dans på avslutningskonserten for musikkskulen på VBU.

På landskappleiken på Fagernes deltok både små og store "valdreskvelver'a" både på og bak scena med liv og lyst.

To av laget sine medlemer, Hans Ivar Blystad og Tom Kjetil Tørstad og gruppa Full Rulle gjorde det skarpt både på Titanofestivalen og Landsfestivalen.

I adventstida var vi med og spelte og song jula inn, både på Hensåsen og i Øye.

SLUTTKOMMENTAR

Medlemer og andre interesserte fortener takk og ros for velvilje og støtte når noko skal arrangerast. Dette gjer det lett å arbeide i laget!

Vang, 2.3.93

Styret